



Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane  
Gota 16

6823 SANDANE

**Dato**  
LEIKANGER, 13.05.2019

## Søknad om medfinansiering - Utviklingsprosjekt Kvernsteinsparken. Oppfølging.

Vi viser til søknad frå dykk datert 19.03.2019 om utviklingsprosjekt i Kvernsteinsparken. Prosjektet er eitt av fleire som Musea i Sogn og Fjordane har i arbeid.

Vi viser til vedlagte notat frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet sitt møte 8.april 2019 der vi har laga ei oppsummering av det vi så langt kunne lese ut av dei ulike prosjektsøknadane. Vi viser også til fylkestinget sitt vedtak av 24.april 2019, særleg punkt 2 som har følgjande formulering:

«2. *Eventuell fylkeskommunal medverknad i nye investeringsprosjekt i regi av Musea i Sogn og Fjordane vert å vurdere med grunnlag i konkrete søknadar frå museumsstiftinga. Slike søknadar må vise kva som er føremålet med prosjekta og elles vise investeringskostnadar, driftskonsekvensar og korleis investeringane/drifta er tenkt finansiert.»*

Fylkeskommunen ser positivt på planer om utvikling av Kvernsteinsparken. Vi kan likevel ikkje sjå at planane for utviklingsprosjekt (bygg) er komme langt nok til at det er mogleg for oss å ta stilling til dette i høve føringane i fylkestinget sitt vedtak. Vi ber difor om at prosjektet vert bearbeidd, konkretisert og drøfta med oss før ev ny søknad vert sendt.

Når det gjeld delprosjekt «utviding av turløype» har Riksantikvaren løyvd 0,4 mill kr (BARK-midlar) i 2019. I tillegg er dette eit prosjekt det kan søkjast spelemiddelfinansiering til. Søknad om spelemidlar må planleggast i samråd med kommunen, og det er Hyllestad kommune som prioriterer og sender inn søknader om spelemidlar. Neste søknadsfrist inn til fylkeskommunen er 15.januar 2020. Kommunen set eigen frist for søknader inn til kommunen.

Med helsing

Jan Heggheim  
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad  
ass. fylkesdirektør

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Vedlegg:

Notat til fylkesutvalet 8.april frå fylkesrådmannen

### Mottakar (ar)

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane Gota 16 6823 SANDANE

### Kopi til:

Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD  
Hovudutval for næring og kultur